

FRÅ ONSDAGSTUR TIL VARDEHEIA OG ØRNEFJELL I GJERSTAD 24.05.2023



Fjosbuelva. Foto: Anne Gunn Østerholt

Det blei ein fin onsdagstur i godt maiver, med både puls og utsyn! Turen starta frå Fjosbu ved Uvdalsvegen, og gjekk oppover i småkupert skogsterreng, med ein bratt kneik opp til Vardeheia. Her blei det drikkepause og prat om det me såg.

Den blåmerka løypa gjekk ned att i skogen, og etter kvart oppover mot Ørnefjell. Beina kjende siste stigninga opp på fjellet. Både Vardeheia og Ørnefjell byr på utsyn mot kjende fjell som Risfjell, Havrefjell, Solhomfjell og det nærmare Navassfjell.

Det blei ei god matpause på Ørnefjell. På nedvegen tok turleiarane oss ein sving innom ein særmerka barlindskog og bjørnehi. Siste stoppet var i det idylliske setertunet på Fjosbu.

Takk til turleiarane Mary Helena Lie og Liv Bjørg Sàmundsen for ein gild tur. Turen er 5,5 km og vara i 3 1/2 t. 23 spreke turfolk delte gode turopplevingar i dag.

Tekst: Anne Gunn Østerholt.

Bilete: Anne Gunn Østerholt og Kåre Dalane.



Turstart frå Fjosbu. Foto: Kåre Dalane



Innover i skogen på blåmerka løype. Foto: Kåre Dalane



Utsyn frå Vardeheia. Foto: Anne Gunn Østerholt



Ørnefjell. Foto: Anne Gunn Østerholt



Rast på Ørnefjell. Foto: Kåre Dalane



Gamal barlind enno grøn i toppen. Foto: Anne Gunn Østerholt



Takk for turen i setertunet på Fjosbu. Foto: Anne Gunn Østerholt



Turleiarane Mary Helena Lie og Liv Bjørg Sæmundsen. Foto: Anne Gunn Østerholt

Skrevet 24. mai 2023

Del artikkelen:

